

KS recovery læringsnettverk for Rogaland og Sunnhordland

FOUSAM-rapport (2018/1)

Evalueringsrapport

Innhold

1. Bakgrunn.....	4
2. Evalueringsspørsmål.....	5
3. Datamateriale.....	5
3.1. Evalueringsspørsmål 1.....	5
3.2. Evalueringsspørsmål 2.....	6
4. Metode.....	6
4.1. Analyse.....	7
4.1.1. Analyse fokusgrupper.....	8
4.1.2. Analyse anna materiale.....	8
4.1.3. Overordna perspektiv – latent meiningsinnhald.....	8
5. Korleis beskriver leiarane for kommunen sitt forbetringsteam sine erfaringar med deltaking i læringsnettverket?.....	9
5.1. Innhaldet i nettverket.....	9
5.2. Nettverket som katalysator for prosessar i kommunane.....	10
5.3. Felles forståing og brubyggjing.....	10
5.4. Kompleksitet.....	11
5.5. Kor går vegen vidare?.....	12
6. Korleis har læringsnettverket bidrege til fagleg fokus på recovery?.....	12
6.1. Forventing om tiltak i kommunane.....	12
6.2. Oppsummering og overordna tankar.....	14
6.2.1. Det kraftfulle.....	15
6.2.2. Det kaotiske.....	15
6.2.3. Det som er verdt å jobbe for.....	15
7. Konklusjon.....	16
8. Litteratur.....	17
Vedlegg.....	18

1. Bakgrunn

Recovery læringsnettverk for Rogaland og Sunnhordland (forkorta til læringsnettverket i denne rapporten) vart etablert våren 2016. Prosjektgruppa som har hatt ansvar for planlegging og gjennomføring av læringsnettverket var samansett slik at halvdelen av gruppa representerte brukarorganisasjonar eller hadde erfaringsbakgrunn, og andre halvdelen var fagfolk. Det var 5 representantar for ulike kommunar, 2 frå helseforetak, 3 frå brukarorganisasjonar (LPP, RIO og Recovery Kompetanse A/S), 2 for kompetanseinstitusjonar (KoRus vest Stavanger og KorFor), 1 frå fylkesmannen i Rogaland, 1 frå NAPHA og 1 frå KS. KoRus vest Stavanger tok på seg oppgåva som sekretariat og lokal koordinering av nettverket. For meir informasjon om læringsnettverket sjå prosjektrapport (Elvemo & Kindervaag 2018).

15 kommunar i Rogaland og Sunnhordland har vore med i nettverket. Kvar kommune oppretta eit forbetringsteam (vedlegg 1) med 6-10 deltakarar som representerte ulike faggrupper og etatar. I tillegg til representantar for rus og psykisk helsetenester i kommunane, var brukarorganisasjonar, DPS, NAV, kommunelege og kommunepsykolog representert i forbetringsteama. I forkant av første samling fekk forbetringsteamet i oppdrag å kartlegge eigne tenester, lytte til erfaringar til minst to brukarar av tenestene i kommunen (sjå vedlegg 1) og fylle ut ei elektronisk spørjeundersøking (utvikla og utsendt av NAPHA, vedlegg 2). Dette skulle gje eit «her og no»-inntrykk som kunne vera utgangspunkt for forbetningsarbeidet i den einskilde kommune.

I perioden oktober 2016-november 2017 arrangerte læringsnettverket fire samlingar der forbetringsteama frå alle kommunane var inviterte. Her var det lagt opp til ressursforelesingar, erfaringsdeling og jobbing med eigne mål.

Nettverket valte recovery som tema, dette passa med KS sitt mandat for læringsnetteverk. Dette var også i tråd med at fleire kommunar i regionen var i gang med å gjera tenestene meir recovery-orienterte. Mange kommunar hadde tilsett medarbeidarar med brukarerfaring, og recovery var skrive inn i planar for rus og psykisk helsetenestene (t.d. Sandnes kommune 2017). Recovery-tenkinga var også aktuell i foretaka. I plan for tenestetilbodet innan psykisk helsevern (godkjent av styret i Helse Vest 7.12.16) står det «Tenestene må i samarbeid med pasientane komme fram til behandlingssopplegg som understøttar pasientens eigne mål og behov for livsmeistring» (Helse Vest 2016, s. 20). Satsinga er også i tråd med nasjonale retningslinjer der eit hovudpunkt er at «Sentrale perspektiver som empowerment og recovery bør prege tjenesteytingen» (Helsedirektoratet 2014, s 11).

Evaluering av arbeidet i nettverket har vore gjennomført kontinuerleg ved at prosjektgruppa har etterspurt tilbakemeldingar, og planlagt programmet i tråd med tilbakemeldingane. Sjå meir om dette i prosjektrapporten (Elvemo og Kindervaag 2018).

I tillegg til dette vart det oppretta ei evalueringsgruppe med deltakarar frå prosjektgruppa (Arve Almvik, NAPHA og Steinar Trefjord, Sandnes kommune) og to forskarar (Kristin Ådnøy Eriksen, FOUSAM/Høgskulen på Vestlandet og Inger Eide Robertson, KoRus). Det er evalueringsgruppa som har hatt ansvar for arbeidet som er grunnlag for denne rapporten. Ådnøy Eriksen har leia evalueringsarbeidet og skrive evalueringsrapporten, og elles har evalueringsgruppa vore med i planlegging og analyse, og kome med innspel til det skriftlege resultatet. Ingve Kindervaag (lokal koordinator for læringsnettverket) har sendt aktuelle dokument til gruppa, og vore tilgjengeleg for oppklaring av spørsmål.

Resultata som er presentert i denne evalueringsrapporten er basert på dokument frå nettverket og fokusgrupper (vedlegg 3) med leiarane av forbetringsteama.

Målet med evalueringa var å beskrive korleis læringsnettverket kan ha bidrege til auka fokus på recovery i dei deltakande kommunane.

2. Evalueringsspørsmål

1. Korleis beskriver leiarane for kommunen sitt forbetringsteam sine erfaringar med deltaking i læringsnettverket?
2. Korleis har læringsnettverket bidrege til fagleg fokus på recovery i kommunane?

3. Datamateriale

3.1. Evalueringsspørsmål 1

Datagrunnlaget for evalueringsspørsmål 1 var referat og notat frå tre fokusgrupper med ein deltakar frå kvar kommune sitt forbetringsteam. Gruppene var leia av Inger Eide Robertson (KoRus) og Kristin Ådnøy Eriksen (FOUSAM/HVL). Det vart arrangert to fokusgrupper i samband med siste samling i nettverket, og ei gruppe i etterkant for kommunar som ikkje kunne delta på samlinga. Det var representantar for 14 (av 15) forbetringsteam med i gruppene. Dei fleste var leiarar av teamet i sin kommune, men i eitt tilfelle var det medarbeidar med brukar erfaring som representerte sin kommune og i eitt tilfelle ein fagperson som ikkje var leiar i forbetringsteamet. Tema i fokusgruppene var «Erfaringar med deltaking i nettverket», «Erfaringar med forbetringsteam» og «Tankar om vegen vidare».

3.2. Evalueringsspørsmål 2

Datagrunnlaget for Evalueringsspørsmål 2 var følgjande dokument: a) alle referat frå prosjektgruppa for læringsnettverket; b) resultat frå spørjeundersøking til kommunane; c) dokument frå gruppearbeid på 2. og 4.samling i læringsnettverket; og d) verdidokumentet som er utvikla av nettverket (Verdigrunnlag for rus- og psykisk helsearbeid i Rogaland og Sunnhordland, KS recovery læringsnettverk 2017).

- a) Prosjektgruppa hadde 8 møter i perioden august 2016–oktober 2017, referata inneheld planar for nettverket og oppfølging av saker som er relevant innanfor recovery-feltet i regionen.
- b) I samband med oppstart av læringsnettverket gjennomførte prosjektgruppa ei spørjeundersøking med 11 spørsmål knytt til brukarmedverknad, tilgjengelege tenester, samarbeid med frivillige organisasjonar, samarbeid med pårørande, bruk av erfaringskompetanse og liknande (vedlegg 2). Dette skulle gje kommunane eit bilete av «her og no»-situasjonen i eigen kommune og vera eit grunnlag for å dokumentere endringar i tenestetilbodet over tid. Evalueringsgruppa har hatt tilgang til oppsummering av resultat frå denne undersøkinga, samt til svara frå den einskilde kommune.
- c) På 2. samling var det ein såkalla «kafèdialog» der alle deltakarane jobba i forkant av samlinga med status for kva tiltak kommunen hadde satt i verk og kva som var planlagt (t.d. systematisk innhenting av brukarerfaringar og synspunkt, tilsetting av erfaringsmedarbeidarar, tiltak for å skreddersy tilbod, og anna). Det gjev oversikt over kva områder kvar kommune jobbar med, kva mål som er sett og kva verktøy kommunen har teke i bruk. På 4. samling var det gruppearbeid med oppsummering av kva tiltak dei ulike kommunane har satt i gang.
- d) Nettverket avdekkja at det var behov for å lage eit felles grunnlag for kva det innebærer å gje recovery-orienterte tenester. Prosjektgruppa hadde ansvar for arbeidet, og fekk innspel frå deltakarane i nettverket under vegs. Dette er blitt til heftet «Verdigrunnlag for...» som er distribuert i heile regionen (KS recovery læringsnettverk, 2017).

4. Metode

Analysen er inspirert at kritisk kreativ metodologi (Horsfall & Titchen 2009) der ein nyttar metodar for å involvera deltakarane i analysen. Med denne tilnærminga kan ein (i tillegg til tradisjonell analyse av tekst) nytte kunst, intuisjon, rollespel, fantasi og kropp for og inkludere perspektiva til deltakarane.

Graneheim et al (2017) skildrar korleis ein kan analysere med ulike abstraksjonsnivå og ulike fortolkningsgrad. Fokusgruppene vart analysert med tanke på å få fram innhaldet eller den «manifesterte meininga» av det som vart sagt i gruppene. Deltakarane i analysearbeidet (evalueringsgruppa) nytta kreativitet og intuisjon (Horsfall & Titchen 2009) slik at delar av svaret på korleis nettverket har bidrege til fagleg fokus på recovery er basert på «latent meining» i datamateriale. Det har sitt grunnlag i materiale, men er på eit høgare abstraksjonsnivå (Graneheim et al 2017).

4.1. Analyse

Stega i analysen var å skaffe seg oversikt over materiale, kode og dele opp for å gjere materiale oversiktelege og handterbart (men framleis empirinært), bestemme tema eller overskrifter som famnar materiale, og så presentere i tekst. Dette er ingen lineær prosess, ein går stadig tilbake til dei andre stega for å sjekke at det som blir skriven har sitt grunnlag i datamateriale. Analyseprosessen vart gjort av fleire personar i lag, og det kan gjere det lettare å få breidde i meiningsinnhaldet, og det er fleire som kan sikre at den ferdige teksten er i samsvar med datagrunnlaget.

Alt skriftleg materiale vart sendt til medlemmane i evalueringsgruppa. Instruksjonen var at kvar person skulle:

1. Lese gjennom materiale frå fokusgruppene ein gong.
2. Lese ein gong til og notere stikkord (Kva handlar dette om? Kva er vesentleg i høve til evaluering av nettverket?).
3. Skrive 2-5-setningar som oppsummerer det viktigaste.
4. Ta notater og oppsummering med til samling i evalueringsgruppa.

I tillegg skulle kvar person lese gjennom og gjere seg kjent med innhaldet i det andre materiale (sjå pkt. 3.2) og reflektere over: «Kva kan vera viktige spørsmål å stille til dette materiale?» og «Kva blir aktualisert som kan bidra til evalueringa?».

Det neste steget i analysen var at medlemmane i gruppa var samla. Kvar av oss hadde ein eigen oppfatning av kva materiale handla om og kva som var vesentleg. Målet var no å skape ei felles forståing eller forteljing (Mekki 2015), samstundes som me jobba mot tematisering.

4.1.1. Analyse fokusgrupper

På samlinga i analysegruppa vart deltakarane spurt om kva dei meinte fokusgruppene handla om. Ein deltakar starta med å foreslå eit tema, og andre i gruppa supplerte i høve til det som var nemnt slik at me fekk fleire stikkord som handla om det same. Deretter gjekk me vidare til nye tema. Etter kvart sjekka me det me hadde skrive opp mot notata me hadde laga på førehand. Me sat då att med 13 ulike empirinære koder eller preliminære tema.

Deretter jobba gruppa med å formulere meir overordna tema som ville gje rom for å presentere innhaldet i fokusgruppene. Desse var: Innhaldet i nettverket; Nettverket som katalysator for prosessar i kommunane; Felles forståing og brubygging; Kompleksitet; og Kor går vegen vidare?

Skrivinga vart gjort av Kristin Ådnøy Eriksen og teksten vart sendt til deltakarane via e-post for innspel undervegs.

4.1.2. Analyse anna materiale

Analysegruppa drøfta også korleis me kunne bruke det andre materiale. Gruppa trakk fram følgjande poeng:

- Materiale viser at det er eit mangfald av tiltak og aktivitetar i kommunane.
- Er tiltaka som er beskrive teikn på kor recovery-orientert kommunen er?
- Kva effekt eller potensiale kan Verdidokumentet ha?
- Er grad av brukarmedverknad (som viser seg i dei ulike tiltaka) eit teikn på nytt perspektiv i dei tradisjonelle tenestene?
- Er effekten på kvar einiskild fagperson som deltek i nettverket vel så viktig som strukturelle endringar i kommunane?

Desse spørsmåla let seg ikkje besvare direkte basert på datamateriale, men gav retning til skrivinga av svaret på evalueringsspørsmålet «Korleis har læringsnettverket bidrege til fagleg fokus på recovery?» (pkt. 6.1). Eit forslag til tekst vart utarbeidd, sendt til evalueringsgruppa for innspel.

4.1.3. Overordna perspektiv – latent meningsinnhald

Det vart også gjennomført ein aktivitet der deltakarane i analysegruppa brukte bildekort for å snakke om overordna inntrykk av datamateriale og kva som var vesentleg å få fram i evalueringsrapporten. I dette tilfelle kjente fleire i evalueringsgruppa læringsnettverket godt i

og med at dei hadde vore aktive i prosjektgruppa. Det som kjem fram kan difor seiast å vera basert på deira erfaringar frå deltaking i nettverket så vel som på datamateriale. Ved bruk av bildekort kan ein uttrykke meiningsinnhald ved hjelp av metaforar, og ein kan i større grad få fram det erfarte, og nyansar som ikkje let seg fange i definisjonar. Denne samtalen var tatt opp på lydfil, delvis transkribert og skrive ut som ei oppsummering eller overordna tankar om korleis nettverket har bidrege til recovery-orientering (pkt. 6.2). Tema her var «Det kraftfulle», «Det kaotiske» og «Det som er verdt å jobbe for».

5. Korleis beskriver leiarane for kommunen sitt forbetringsteam sine erfaringar med deltaking i læringsnettverket?

I presentasjon av funn (evalueringsspørsmål 1) er «deltakar» brukt om deltakar i fokusgruppa (med andre ord representantar for forbetringsteam i kvar kommune). Den følgjande teksten representerer det analyserte resultatet av innhaldet i fokusgruppene, og det er underforstått at det handlar om erfaringane og meiningane til leiarane i forbetringsteam i kommunen slik dei kom til uttrykk i fokusgruppene.

5.1. Innhaldet i nettverket

Det som gjekk att når deltakarane vart spurt om det viktigaste med nettverket var at det styrka engasjementet for recovery i eigen kommune. Deltaking gav «boost», og ein kom inspirert tilbake etter samlingane.

Det var også viktig å få innsyn i korleis det vart tenkt og jobba i andre stader og at det var fint å treffe andre som brann for det same som dei. Slik kunne dei lære av kvarandre, og hente inspirasjon ved å treffe andre. Når ein blir kjent kan ein spør kvarandre om råd, og ta kontakt også utanom nettverket. Fordi det var så nyttig å utveksle erfaringar, meinte nokre deltakarar at det hadde vore bra med enno fleire aktivitetar der ein «blanda gruppene» slik at ein fekk diskutere med folk frå andre kommunar.

Dei la også vekt på at det var positivt at det var lagt opp til at forbetringsteamet i kvar kommune skulle vera breitt samansett med leiarar, fagtilsette, brukarrepresentantar, bestillar-kontor, NAV og andre. Dei sakna meir deltaking frå fastlegar og spesialisthelsetenesta.

På samlingane var det bra at personar med ulik fagkunnskap og personar med brukar-erfaring «sat rundt same bord» og var likeverdige. Erfaringskompetansen vart «legalisert»

ved at fagperspektiv og brukarperspektiv vart likestilt, og læringsnettverket vart ein stad der deltakarane fekk erfare korleis det kan gjerast. Det kom fram at det hadde vore bra om enno fleire brukarar var med.

Nokre deltakarar nemnte at det hadde vore for mykje teori på samlingane. Og fleire sa det hadde vore mykje fokus på recovery relatert til rus-utfordringar og for lite fokus på recovery relatert til alvorlege psykiske lidningar

5.2. Nettverket som katalysator for prosessar i kommunane

Nettverket gav merksemd til recovery som satsingsfelt. Når kommunen bestemte seg for å delta i nettverket kom temaet høgare på dagsorden fleire stader. For dei kommunane som var i gang med endringsarbeid mot recovery-orientering av tenestene, vart deltaking i nettverket til hjelp for å få enno tydelegare fokus. Recovery er også blitt tema i kommunar som ikkje hadde jobba med dette tidlegare. Det at brukarar, tilsette, leiarar og politikarar visste om at kommunen deltok i nettverket skapte ei forventning om at noko skulle skje.

Mange deltakarar var opptekne av at det er langt frå visjon til handling, og at planar for endringar i tenestene fort kan blir nedprioritert i ein travel kvardag. Det at det var forventa om at forbetringsteama skulle lage og evaluere planar og tiltak og delvis presentere dette på samlingane var difor svært viktig.

I nokre tilfelle gav deltakarane uttrykk for at inspirasjonen var bra for dei som var med i forbetringsteamet, men at det så langt hadde hatt lite å sei for andre tilsette. Det var også stor skilnad på kor enkelt det hadde vore å få forbetringsteama til å jobbe i lag mellom samlingane. Deltakarane peikte på at det var viktig å sikre god forankring både i leiing og blant medarbeidarar dersom forbetringsteamet skulle få til reelle endringar i kommunen.

Engasjementet og entusiasmen som vart vakt for recovery vart i alle fokusgruppene omtale som ei «hallelujastemning». Nokre var veldig skeptiske til at ein fekk eit forenkla og nesten religiøst forhold til recovery. Ein sa at det skjedde mykje bra i tenestene også før recovery-bølga, og at det er viktig å anerkjenne dette når ein skal gjera noko på andre måtar. Og det å ta imot nye ting ukritisk kan føre til at ein riv ned det som er bra. Ein annan sa: «Ein kan ikkje berre rope halleluja, ein må gjera noko og!»

5.3. Felles forståing og brubyggjing

Spørsmålet «Kva er recovery?» har vore sentralt i nettverket, og mange meinte at innhaldet i «recovery» er litt diffust. Det kom fram at deltakarane opplevde at det har vore viktig at det

har blitt jobba med ei felles forståing av innhaldet i omgrepet i nettverket. Og også med korleis recovery-orienterte tenester ser ut. Deltakarane snakka om at dei no hadde «eit felles språk», og ei felles retning på arbeidet. Dei meinte at det faglege grunnlaget («Verdigrunnlag») som er utarbeidd i nettverket gjev godt utgangspunkt for vidare arbeid.

Denne felles forståinga var meir varierende i kommunane. I nokre kommunar hadde dei jobba med opplæring og utvikling av tenestene lenge, og deltakarar frå dei kommunane gav inntrykk av at alle tilsette var klar over kva det handlar om. I andre kommunar gav deltakarane inntrykk av at dei kjente seg åleine om å tenkje recovery, eller at recovery på ein måte var delegert til forbetringsteamet slik at andre i kommunen ikkje trengte tenkje på det.

Det kom også fram einskilde utsegn i fokusgruppene som gjer at det er nærliggande å tenkje at det er eit stykke fram til felles forståing. Nokre deltakarar var nølande til om recovery (t.d. slik det er uttrykt i «Verdigrunnlag for...») kunne vera grunnlaget for tenestene i kommunen. I eit par tilfelle var utsegna slik at det tyda på at deltakaren framleis tenkte på brukarar av tenestene som «dei» og fagfolk som «oss». Det vart også uttrykt skepsis til verdien av erfaringskompetanse, og at det er ei undervurdering av fagkunnskapen å tenkje at personar utan formell utdanning kan gjera jobben.

5.4. Kompleksitet

Ein del gav uttrykk for at det var mykje uklart både kring kva recovery handlar om og kva konsekvensar det burde få for tenestene i kommunen. Spørsmål som «Kva handlar dette om?» og «Kor er det me skal?» har ingen enkle svar. Dei snakka om det å famle seg fram, og at det kan vera vanskeleg å vite kor ein skal satse i og med at dette er nytt. Det er mange aktørar og ulike forventingar til kva som skal endrast. Deltakarane meinte at det var bra nettverket varte over tid, for ting tar tid.

Ein kan heller ikkje overta tiltak og endringar direkte frå andre kommunar fordi føresetnadane i kvar kommune er ulike. T.d. satsar nokre tenester på recovery av di det er teke avgjerd om dette på rådmannsnivå, medan det i andre kommunar var einskildpersonar som tok initiativ til at kommunen skulle vera med i nettverket utan at recovery så langt har vore ei satsing. Det var veldig ulikt kor mykje «motstand» forbetringsteama møtte hjå leiarar og medarbeidarar.

I to av fokusgruppene nemnte deltakarar at det hadde vore bra om det dei fekk med seg frå nettverket hadde vore enno meir konkret. T.d. ved at det vart presentert fleire døme på korleis ting kan gjerast. Samstundes vart det sagt at recovery ikkje først og fremst handlar om konkrete tiltak eller system, men heller om å legge til rette for einskildpersonar sine unike recovery-prosessar. Det krev endring i måten ein tenkjer, jobbar og organiserer, og det er

ikkje tydeleg korleis det kan gjerast. Deltatarane meinte at den mest konkrete endringa i tenestene er at det no er tilsett medarbeidarar med brukarerfaring som er med og pregar fagmiljøa.

5.5. Kor går vegen vidare?

I alle gruppene vart det sagt ting som «me må byggje stein på stein», «dette vil ta lang tid», eller «det er langt frå ord til handling». Nokre deltakarar sa at no hadde dei lært og blitt inspirert, men at det er no arbeidet tek til; – med å inspirere dei andre tilsette, med å jobba vidare for endre haldningar og tiltak for å involvere brukarar, og med å halde fokus på endringsarbeid over tid. «Det er i kvardagen jobben skal gjerast», og «fordi det så komplekst er det vanskeleg å sjå kva me skal ta tak i.»

Det var også snakka om at dei ville halde fram med samlingar i nettverket, eller eit liknande fora for å halde fagleg fokus. Nokre deltakarar var opptekne av at det då måtte vera ope for alle, ikkje berre dei som no har vore med i forbetringsteama. Dersom det vert fleire samlingar burde det vera meir fokus på kva recovery-orientering handlar om i møte med menneske som har levd lenge med psykisk sjukdom, og godt med tid til erfaringsutveksling slik at ein kan bli inspirert av kvarandre.

Nokre kommunar ville oppretthalde forbetringsteamet, andre skulle lage nye grupper og ein kommune skulle lage ein plan for korleis tenestene skulle vera prega av recovery og be om godkjenning av denne på politisk nivå. Nokre utsegn i fokusgruppene tyder på at ikkje alle kommunane kjem til å jobbe vidare med eit spesifikt «recovery-fokus». Det var altså veldig variabelt kor strukturert dei vidare planane var, men alle gav uttrykk for at dei skulle jobbe vidare med forbetningsarbeid på ein eller annan måte.

6. Korleis har læringsnettverket bidrege til fagleg fokus på recovery?

6.1. Forventing om tiltak i kommunane

Nettverket gav klare forventingar om kva retning forbetningsarbeidet i kommunane burde ha i spørsmåla som vart stilt i den første spørjeundersøkinga (jfr. vedlegg 2). Det at det vart etterspurt om kommunen henta inn brukarane sine erfaringar og synspunkt, kva dei gjorde for å gjera tenestene tilgjengelege og om ein prøvde å skreddersy hjelpa til kva einskild brukar, var på ein måte det første «operasjonaliseringa» av kva tenestene skal eller bør gjera

for å bli meir recovery-orienterte. Også i løpet av samlingane har prosjektgruppa definert recovery og recovery-orientert praksis ved å bestemme kven som skal snakke og kva tema som skal ha plass på samlingane.

Desse tydelege forventningane til tiltak i kommunane kan ha ført til eit sosialt press til å gjennomføre tiltak. Tilsette, leiarar og politikarar vil gjerne kunne skryte av eigen kommune, og nettverket har vore ein stad å «vise seg fram» eller ein ekstern grunn til å innføre endringar. I tillegg har dei som har vore med i nettverket fått forståing for grunnlagstenkinga for recovery, og det er då større sjanse for at det som blir gjort av endringar faktisk er ei forbetring (i recovery-målestokk). I beste fall kan standarden for kva som er «god praksis» i kommunen ha blitt endra, fordi ein har fått ein anna «spegel» eller standard å måle seg mot.

På oversikt over tiltak kommunane er i gang med (t.d. oversikt frå gruppearbeid samling 4) er det eit vidt spekter av tiltak. Ein del tiltak eller planar handlar om å svare på generelle forbetringar i tenestene, medan andre er meir spesifikke i høve til det dei gjer for å fremje recovery. Det som går att er:

- ulike måtar å halde fokus på recovery i arbeidsfellesskapa (t.d. tema på personalmøter, jamlege samtalar om kva som kan støtte recovery-prosessar i bufellesskap og helse- og sosialkontor, internundervising med øvingar og faste fagdagar)
- tiltak for å styrkje brukarane si makt i tenestene (t.d. at brukarar deltek på personalmøter, brukarundersøkingar, evalueringsskjema, bebuar kan velje primærkontakt og vera teamleiar, og faste møter mellom brukar og hjelpar)
- at rammene for tenestene blir meir fleksible (tilgjengelege tenester større deler av døgnet, lågare terskel for å ta kontakt, tilpasse tenestene til brukaren sine behov, utvida opningstid på dagsenter, bestillerkontor har meir recovery-orienterte tildelingskriteria)
- fokus på brukarstyrte tilbod (sjølvhjelpsgrupper, brukarstyrte opningstider, brukarstyrt sosial samling)
- vurdering av eller innføring av nye type aktivitetar («recovery college», trening, musikkterapi, kunst, dans)
- auka medvit om spørsmålet «Kva er viktig for deg?»
- tilsetting av medarbeidarar med brukarerfaring/erfaringskonsulentar
- fokus på maktdeling
- jobbing med forståeleg språk

Ein kan ikkje sei om desse tiltaka er konsekvens av deltaking i nettverket eller om kommunane ville hatt desse tiltaka uansett. Det me kan sei, er at ved å måtte lage slike lister, har kommunen blitt «tvunge» eller oppmuntra til å tenkje over kva dei faktisk gjer som er i tråd med det å fremje recovery.

Nettverket ser ut til å hatt fokus kva som gjera tenestene meir recovery-orienterte og mindre på kva ein skal gjera mindre av. Recovery er sett fram som eit ideal, men det er ikkje diskutert kva som er motsetnaden til recovery. Kanskje ville det vore nyttig å samanlikna «tradisjonell tilnærming» og «recovery-tilnærming» (jfr. Slade 2017, tabell 1, s. 16) for å få fram kva ein skal gjera mindre av og kva ein skal gjera meir av. Ei slik polarisering kunne ha gjort det enno tydelegare kva som styrer praksis.

Det me ikkje kan lese ut frå dei ulike dokumenta som var grunnlag for denne evalueringa er korleis eller kvifor kommunane tenkjer at dette er tiltak som støtter recovery-prosessar. Me veit at recovery ikkje handlar om tiltak eller om tenestene. Det er noko individuelle personar sjølv opplever og jobbar seg fram mot. Tilsette i psykiske helsetenester bidreg berre til å støtte personen i hans eller hennar reise mot recovery (Slade 2017). Kjernen i recovery er knytt til omgrep som håp, identitet, personleg ansvar og meining (Slade, 2015), eller tilhørighet, håp, identitet, meining og empowerment (Leamy et al 2011). Dette har antakeleg vore det teoretiske grunnlaget for nettverkssamlingane, i alle fall er Leamy et al (2011) brukt som grunnlag for «Verdigrunnlag» som nettverket utarbeida. Likevel er dette faglege perspektivet ikkje tydeleg i fokusgruppene og i dokumenta som har vore grunnlag for denne evalueringa. Det handlar kanskje om at det er lettare å beskrive konkrete tiltak, enn å beskrive korleis brukarar erfarer at dei får støtte i sin prosess, eller korleis fagfolk faktisk er i stand til å jobbe ut frå «Kva er viktig for deg?». Frå eit fagleg perspektiv kan ein tenkje at det er særskilt viktig at tiltaka ikkje er tilfeldige, men at dei spring ut frå ei fagleg tenking og grunngeving av korleis tiltaka faktisk støttar recovery. Slik sett er forankring i «Verdigrunnlag» eller anna faglitteratur essensielt. Og spørsmål som «Hva gjør kommunen for at brukerne skal oppleve samhørighet og verdsatte roller» (spørsmål frå spørjeunderøking, vedlegg 3) burde hatt enno meir plass.

6.2. Oppsummering og overordna tankar

Teksten under representer evalueringsgruppa sine inntrykk, undringar, erfaringar og meiningar basert på analyse av datamateriale. Som nemnt (pkt. 4.1.3) er denne delen av evalueringa basert på bruk av bildekort. Metaforar som har sitt opphav i dei aktuelle bilda er markert i hermeteikn.

6.2.1. Det kraftfulle

Nettverket har representert ei kraft. Tenestene kan vera fastlåste i mønster, og dette er det behov for å «grave i». Fagfolka sitter trygt i sine posisjonar, og det er behov for at nokon trengjer inn og verkeleg demonstrerer at det er behov for å snu, og for å vise t.d. korleis erfaringskunnskapen faktisk er noko me treng. Dette kan ikkje skjje forsiktig, det er behov for «knust glas», omvelting, dramatik. T.d. kan rollespel som gjer det tydeleg kor viktig erfaringskompetansen er, eller konfrontasjon med eigne fastlåste haldningar opplevast brysamnt eller til og med trugande.

Nettverket har også gitt høve til å løfte blikket, eller «fly» – og tenke store tankar om kva som er mogleg å få til. Det har vore ei positivt kraft som gjev eit «løft» til å vera tru mot positive verdiar.

Når ei kraft eller endring er på gang vil det oppstå motstand. Det vil ver «piggråd» og uvilje, både i nettverket, blant tilsette i kommunane, leiarar og i systema i samfunnet. Det må ein berre vite om og ta høgde for. Dette er noko av grunnen til at det tek tid å få til endring.

6.2.2. Det kaotiske

Læringsnettverket har ikkje skapt orden i kaoset, men på ulike måtar bidrege til å våge å bevege seg i «ukjent landskap». Recovery-feltet er komplekst og det er lett å «gå seg vill» eller ikkje sjå kor vegen går. Nettverket har vore som ei «lysning i skogen» der ein kan puste fritt, få inspirasjon og bli styrka i trua på at det er håp.

Materiale gjev inntrykk av at det er ein felles retning, ei von om at det går an å endre noko og at det er «lys framme i tunnelen» der alle er på veg. Nettverket har vore «stein på stein» som vardar som viser veg.

Nettverket har vore ein stad der fagfolk og folk med erfaringskompetanse ar møtt kvarandre på «like fot», med ulike roller, men likevel på same nivå.

6.2.3. Det som er verdt å jobbe for

Recovery-orientering av tenestene innebærer grunnleggjande endringar. Det er snakk om nye roller som fagperson, og i og med at feltet er under utvikling veit me enno ikkje korleis tenestene skal sjå ut om dei skal bidra til recovery for den einskilde pasient eller brukar.

Kanskje er det behov for å vurdere kva «ballar» ein skal kaste frå seg, kva ballar ein skal la vera å ta i mot, i tillegg til kva ballar me skal ta i mot (alt det nye me skal innføre)?

Og kanskje er det slik at dei nye visjonane eller endringane er så vanskelege å oppfylle fordi dei er i utakt med dei etablerte rammene og systema som fagfolka jobbar innanfor?

Fokus i nettverket har vore på å sjå at dei som treng hjelp av tenestene først og fremst lever sine liv «i samfunnet» i ein kvardag, og at tenestene skal ta omsyn til dette. Alt i alt er det mykje som gjev grunn til å «feire», det er innført mange nye tiltak i kommunane, og det har vore mange viktige samtalar og prosessar på nettverks-samlingane.

7. Konklusjon

Evalueringsrapporten ber preg av ei pragmatisk tilnærming. Det er avgrensa kor systematisk og omfattande arbeid som er mogleg å få til med avgrensa ressursar. Dersom ein ynskjer reelle evalueringar om nytte av læringsnettverk bør det settast av ressursar, og planlegging av evaluering bør skje parallelt med planlegging av nettverket.

Det kunne t.d. vore interessant å sjå nærare på prosessane i einskildkommunar, som endringar i tilsette sine arbeidskvardagar og innverknad på tenestene til sluttbrukarar. Det ville også vore bra å undersøke erfaringar med deltaking i nettverket frå perspektivet til personar med brukarerfaring. Og i og med at recovery-feltet er i utvikling i norsk samanheng, ville det vore spanande å sjå nærare på korleis innhaldet i recovery («kva er recovery» og «korleis kan ein tilby recovery-orienterte tenester»?) vart tolka og praktisert. Dette siste er vesentleg for å unngå at omgrepet mister sitt innhald. Ideelt sett skulle også evalueringa byggje vidare på tidlegare forskning om tema som læringsnettverk, recovery-orientering av tenester og om sidestilling av erfaringskompetanse og fagkompetanse.

Basert på evalueringsarbeidet som er utført kan me sei at læringsnettverket ser ut til å ha gitt satsingar på recovery i kommunane eit tydelegare fagleg grunnlag og auka legitimitet. Kommunane har innført tiltak som dei assosierer med recovery-orientering av tenestene, og dette endringsarbeidet har fått større fart og meir kraft. Bidraget til nettverket vart antakeleg større fordi det var ope for alle kommunar, uavhengig av kor mykje dei tidlegare hadde satsa på recovery.

Til slutt kan ein slå fast at nettverket har bidrege til at mange fleir er blitt merksame på omgrepet recovery. Dette gjeld tilsette og leiarar i ulike tenester i kommunane så vel som politikarar og rådmenn.

8. Litteratur

Elvemo, O. & Kindervaag, I. (2018). KS' recovery læringsnettverk for Rogaland og Sunnhordaland 2016-2017. Regionalt læringsnettverk om utvikling av recovery-orienterte tjenester for psykisk helse og rus. Rapport, evaluering, dokumentasjon. KS, Fylkesmannen i Rogaland, NAPHA, Korus vest Stavanger. <http://www.ks.no/fagomrader/helse-og-velferd/laringsnettverk/psykisk-helse-og-rus/>

Graneheim, U. H., Lindgren, B. M., & Lundman, B. (2017). Methodological challenges in qualitative content analysis: A discussion paper. *Nurse education today*, 56, 29-34.

Helsedirektoratet (2014). Sammen om mestring. Veileder i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for voksne. Et verktøy for kommune og spesialisthelsetjenesten. Veileder IS 2046.

Helse Vest (2016) sak 135/16. Tenestetilbudet innan psykisk helsevern. <https://helse-vest.no/seksjon/styresaker/Documents/2016/07.12.2016/Sak%2013516%20Tenestetilbudet%20innan%20psykisk%20helsevern.pdf>

Horsfall, D. & Titchen, A. (2009). Disrupting edges – opening spaces: pursuing democracy and human flourishing through creative methodologies. *International Journal of Social Research Methodology*. Volume 12, - Issue 2.

KS recovery læringsnettverk (2017). Verdigrunnlag for rus- og psykisk helsearbeid i Rogaland og Sunnhordland. <https://www.napha.no/multimedia/7875/Verdigrunnlag-recovery-Rogaland>

Mekki, T.E. (2015). How do the characteristics of context influence the work of facilitators when implementing a standardised educational intervention targeting nursing home staff to reduce restraint in dementia care? PhD thesis. Queen Margareth University.

Sandnes Kommune (2017). Modig. Plan for psykisk helsearbeid 2017-2022. Vedtatt i bystyret 16.06.17. <https://www.sandnes.kommune.no/globalassets/helsesosial/planer/plan-for-psykisk-helsearbeid-2017--2022.pdf>

Slade (2017). 100 råd som fremmer recovery – en veiledning for psykisk helsepersonell (2017). 2. utgave. NAPHA rapport 2, 2017. https://napha.no/100_rad_som_fremmer_recovery/

Vedlegg

Vedlegg 1: Forberedelse for deltakelse i det regionale læringsnettverket om recovery-orienterte tjenester for psykisk helse- og rustjenester

Vedlegg 2: Spørreundersøkelse til kommunene i KS sitt recovery læringsnettverk i Rogaland/Sunnhordland (Questback)

Vedlegg 3: Førespurnad om deltaking i prosjektet «Evaluering av KS recovery læringsnettverk» (Informasjon om fokusgrupper)

Vedlegg 1: Forberedelse for deltakelse i det regionale læringsnettverket om recovery-orienterte tjenester for psykisk helse- og rustjenester

Etablering av forbedringsteam

Deltakerne i læringsnettverket skal etablere et forbedringsteam. Kommunens størrelse avgjør hvor stort teamet er. I litt større kommuner vil det være naturlig at teamet har 4-6 deltakere. Mindre kommuner må tilpasse dette etter ressurstilgang. Samarbeidende kommuner kan etablere interkommunale team. Der dette er naturlig kan forbedringsteamene organiseres på tvers av forvaltningsnivåene.

Hvilke faggrupper og personer som skal delta i teamet er det opp til deltakerne selv å avgjøre. Teamet skal være tverrfaglig sammensatt. Medlemmer med brukererfaring skal være representert i teamet. Det samme gjelder representasjon fra NAV.

Vi anbefaler å organisere forbedringsteamet som en del av det etablerte systemet for å sikre kvalitet på tjenestene.

Det er en stor fordel at en av deltakerne i teamet har en ledende posisjon i tjenestene til personer med psykiske problemer og/eller rusproblemer. Dette vil blant annet sikre forankring innad i kommunen og gjøre implementeringen av nye tiltak enklere. Det kan være en fordel at denne personen også har en lederrolle i forbedringsteamet, men det er ingen forutsetning.

En person skal ha et tydelig ansvar for å følge opp og koordinere arbeidet mellom samlingene, samt å:

1. innkalle til første møte i teamet
2. fordele roller i temaet:
 - leder
 - sekretær
 - måleansvarlig/ansvarlig for å dokumentere brukererfaringer
3. lage et forslag til faste møtetidspunkt for hele den tiden læringsnettverket varer
4. finne møtested

Den som blir valgt til leder av forbedringsteamet har ansvar for å fordele arbeidsoppgaver, gi tilbakemeldinger om fremdriften til de som skal følge opp mellom samlingene, og sørge for at oppgavene blir gjennomført innen tidsfristen

Motivasjon

Motiverte deltakere er en forutsetning for å lykkes med å nå målene i læringsnettverket. Motivasjon er også viktig fordi forbedringsteamene skal gjennomføre noen oppgaver før første samling i nettverket, og jobbe systematisk med forbedring av tjenestene mellom samlingene.

Samarbeid

At ulike aktører samarbeider kan ha stor betydning for brukernes muligheter til å nå sine personlige mål og oppnå verdsette roller. Hvordan samarbeidet er organisert på systemnivå og i forhold til den enkelte bruker blir vektlagt i læringsnettverket. Å etablere møteplasser og utvikle arbeidsformer hvor man arbeider «skulder ved skulder» er noen sentrale virkemidler for.

Brukermedvirkning og recovery-orienterte tjenester

Et sentralt tema i læringsnettverket er brukermidvirkning med særlig vekt på å utvikle recovery-orienterte tjenester. På samlingene vil vi løfte frem gode eksempler og nyttige verktøy. Deltakerne i nettverket forplikter seg på å prøve ut aktuelle kartleggings- og evalueringsverktøy. Deltakelse i forbedringsteamet er sentralt. Å ansette personer med egenerfaring framstår som en nøkkelfaktor i arbeidet med å utvikle recovery-orienterte tjenester. Det er en forventning at deltakerne har ansatt eller planlegger å ansette noen med denne kompetansen.

Forberedelser før første samling

Erfaringer med tidligere læringsnettverk er at grundige forberedelser er vesentlige for å lykkes med måloppnåelse. I tillegg viser forskning at følgende suksesskriterier må ivaretas: leder- og medarbeiderforankring, en organisasjonskultur som fremmer forbedringsarbeid og tilgang til data om egne tjenester. I tillegg er det viktig at forbedringsarbeidet ikke skjer på siden av ordinær drift, men på alle mulige måter inkluderes i daglig drift.

Arbeidsoppgavene som skal gjennomføres før første samling vil sette deltakerne i stand til å få en oppdatert status over noen sentrale elementer i tjenesteapparatet. Denne informasjonen vil gi et bedre kunnskapsgrunnlag for å skape forbedringer.

Arbeidsoppgaver før første samling

1. Etablere forbedringsteamet

Å ha en arbeidsplan og sette av faste møtetider er viktig for fremdriften i arbeidet, og avgjørende for å få prioritert tid. Arbeidsplanen skal inneholde informasjon om forankring av forbedringsteamet, sammensetting og mandat.

2. Kartlegge egne tjenester

- Hvilke tjenester har kommunen til disposisjon når det gjelder personer med rusproblemer og/eller psykiske problemer?
- Hvordan innhenter kommunen brukernes erfaringer og synspunkter på tenestetilbudet?
- Hvordan involverer kommunen brukernes familier og øvrige nettverk?
- Hvilke frivillige organisasjoner/brukerorganisasjoner og møteplasser som er relevante for målgruppen finnes i kommunen?
- Kartlegg styrker og svakheter i samarbeidet mellom kommunen, spesialisthelsetjenesten og NAV.

3. Lytt til de erfaringene brukerne har med tjenestene

For å få et inntrykk av hvordan brukerne opplever tjenestene pr i dag, ber vi dere om å intervjuer minst to brukere med rusproblemer og/eller psykiske problemer. Aktuelle spørsmål kan være:

- Opplever du at tjenestene du mottar samarbeider?
- Opplever du at du har innflytelse på de tjenestene du mottar?
- Har du forslag til hvordan vi kan forbedre tjenestene?
- Opplever du at de tjenestene du mottar er nyttige for deg?

For dere som ønsker å sette dere mere inn i planlegging og gjennomføring av læringsnettverk: Lenke til Håndbok i læringsnettverk

<http://www.kunnskapssenteret.no/h%C3%A5ndbok-i-l%C3%A6ringsnettverk>

Vedlegg 2: Spørreundersøkelse til kommunene i KS sitt recovery læringsnettverk i Rogaland/Sunnhordland (Questback)

1. Hvordan henter dere inn brukernes erfaringer og synspunkter på tjenestetilbudet for mennesker med rusproblemer og/eller psykiske lidelser?
2. Er det tatt i bruk metoder/verktøy for systematisk tilbakemelding fra brukerne på hvordan hjelpen/behandlingen virker? I tilfelle hvilke?
3. Hva gjøres for at tjenestene oppleves lett tilgjengelig for brukerne? Hvilke av disse tilbudene er døgnåpne?
4. Hvilke organisasjoner samarbeider kommunen med knyttet til denne målgruppen? Beskriv hvordan dere samarbeider.
5. Hva gjør kommunen for at brukerne skal oppleve samhørighet og verdsatte roller?
6. Hvilke brukerstyrte tjenester finnes i kommunen?
7. Hva gjør tjenestene for å skreddersy hjelpen til den enkelte bruker?
8. Er det etablert faste stillinger for ansatte med erfaringskompetanse og/eller likemenn, evt. prosjektstillinger?
9. Hvordan involverer kommunen brukernes familier og øvrige nettverk?
10. Blir personalet opplært i å drive recovery-orientert arbeid? Hvis ja, hvordan?
11. Beskriv kommunens pågående forbedringsarbeid relatert til punktene over.

Vedlegg 3: Førespurnad om deltaking i prosjektet «Evaluering av KS recovery læringsnettverk» (Informasjon om fokusgrupper)

Bakgrunn og føremål

Formålet med evalueringa er å beskrive erfaringar med å delta i KS sitt recovery læringsnettverk, og korleis læringsnettverket har styrka recovery som fagleg grunnlag i kommunen sitt rus- og psykisk helsearbeid.

Evalueringa blir planlagt og gjennomført på vegne av KS av: Espen Andreas Enoksen (KorFor, leder), Kristin Ådnøy Eriksen (FOUSAM/HVL), Inger Eide Robertson (KoRus), Arve Almvik (Napha), Steinar Trefjord (Sandnes kommune), Pål Berger (Recovery Kompetanse) og Ingve Kindervaag (KS, sekretær).

Som ein del av evalueringa skal det arrangerast fokusgrupper med dialog om:

- a) Erfaringar med deltaking i nettverket
- b) Erfaringar med forbetringsteam
- c) Tankar om vegen vidare

Det er i første rekke leiarane i forbetringsteama i dei deltakande kommunane som blir bedne om å delta i fokusgruppe. Dersom leiar ikkje kan eller ikkje ynskjer å delta, vil vi be eit av dei andre medlemma om å delta.

Kva innebærer deltaking og kva skjer med informasjonen om deg?

Fokusgruppe blir arrangert i samband med samling for kommunale leiarar 2. november (sjå under). Gruppa vil bli leia av forskarane Kristin Ådnøy Eriksen og Inger Eide Robertson. To referentar vil vera til stades for å skrive ned det som kjem fram i dialogane. Fokusgruppa vil vare om lag 90 minuttar. Oppsummering frå gruppa vil bli sendt til deg i etterkant og du vil bli bede om å lese gjennom og eventuelt utdjupe det som står der.

Du vil bli bede om å snakke ut frå di personlege oppfatning og erfaring. Oppsummering frå gruppa vil innehalde opplysningar om kva kommunar som deltek, og kva funksjon du har hatt i forbetringsteamet, men ikkje namn. Det du seier skal ikkje kunne knytast til deg som person eller din kommune i den endelege evalueringa. Heile evalueringsgruppa (sjå over) får tilgang til oppsummeringane frå fokusgruppa, og dei vil vite kva kommunar som er representerte i fokusgruppa. Resultata frå fokusgruppene vil i lag med anna materiale (samla inn i læringsnettverket) danne grunnlag for evalueringa.

Oppsummeringa frå fokusgruppe vil inngå i det totale materialet frå læringsnettverket som grunnlag for ein samla prosjekt- og evalueringsrapport for KS' recovery læringsnettverk 2016-2017. Rapporten skal etter planen vera ferdig innan mars 2018. Oppsummeringa kan òg vera med som datagrunnlag for forskingsartikkel med tema knytt til samhandling og samarbeidslæring. Oppsummeringa blir makulert og sletta seinast august 2018.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i fokusgruppe, og du kan når som helst trekkje ditt samtykke attende utan å grunngje dette. Dersom du trekker deg, vil så langt mogleg alle opplysningar om deg bli teke ut av datamaterialet anonymt.

Du stadfestar deltakinga ved å melde deg på til samlinga 2. november på fylkesmannen si nettside som du finn på denne linken (nokre av dykk har allereie gjort dette):

<https://www.fylkesmannen.no/nn/Rogaland/Kurs-og-konferansar/Erfaringskompetanse-og-lokalbasert-psykisk-helse--og-rusarbeid/>

Vi vil be deg som skal delta i fokusgruppe om å underskrive vedlagt samtykkeskjema og returnera dette som svar på denne mailen snarast råd innan fredag 27. oktober.

Ta kontakt med underteikna om noko er uklart eller om du har spørsmål.

På vegne av evalueringsgruppa

med helsing

Ingve Kindervaag

lokal koordinator

KS recovery læringsnettverk for Rogaland og Sunnhordland

mobil: 900 97 988

mail: ingvekindervaag.consulting@gmail.com



KOMMUNSEKTORENS ORGANISASJON

The Norwegian Association of Local and Regional Authorities

Samtykke til deltaking i fokusgruppe

Eg har lese informasjonen om deltaking i fokusgruppe, og seier meg villig til å delta.

Dato og signatur

Namn (blokkbokstavar)

Namn på kommune

Din funksjon i forbetringsteamet

Eventuelle andre roller i læringsnettverket

FoU-eining for samhandling

ved Høgskulen på Vestlandet

Bjørnsonsgate 39, 5528 Haugesund

Telefon: 48 24 68 11

www.fousam.no

© Kristin Ådnøy Eriksen

Det må ikke kopieres fra rapporten i strid med Åndsverkloven og Fotografiloven eller i strid med avtaler om kopiering inngått med KOPINOR, interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk.

FOUSAM-rapport (2018/1)